



Personalet fekk blomnehelsing og gode ord.

**Det er truleg ukjend for dei fleste, men det var sokneprest Gunvald Bjotveit, som var pådrivaren i arbeidet med å etablert barnehage i Uskedalen for meir enn 40 år sidan. Uskedal Husmorlag tok opptakten, men mangla økonomi. Soknerådet med Bjotveit kom på banen og dermed vart det oppstart i 1979. Det som i dag er Gamleskulen var barnehage dei fyrste 25 åra. Barnehagen vart kommunal frå 1991.**

Borna, foreldra og andre gjester var i dag inviterte til 40 års markering med historisk attersyn, dåp av Sjørøvarskuta, opning av Mummihuset og blomnehelsing til personalet.

40 år med barnehage i Uskedalen vart på ein prima måte presentert av noverande barnehagestyrar Ann Irene Sæle. Mor hennar, Ruth Sæle, har skrive om bakgrunnen og oppstarten. Ho var den fyrste assistenten. Astri Måkestad Skaaluren var den fyrste styraren. Ruth Sæle var grunnfjellet i barnehagen fram til ho slutta i år 2000.



Mummihust vart opna av Arne Didriksen frå Kvinnherad Vekstbedrift saman med borna.

Grunnlaget og den pedagogiske målsetjinga er om lag det same i dag som for 40 år sidan. Det handlar om leiken, medverknad, gode relasjonar, foreldresamarbeid og dugnad.



Sjørøvarskuta er eit av mange tiltak for å betra utemiljøet i barnehagen.

Ei brukarundersøking syner at Uskedal barnehage kan bli betre på eit tilrettelagt uteområde med meir leiker og utstyr. Barnehagen valde å gjera noko med det. Difor vart det brukt kr. 60.000,- på Sjørøvarskuta og Mummehuset. Begge desse installasjonane vart opna i dag.

Uskedal barnehage har synt at ein tek samfunn- og kulturansvaret på alvor. Kvart år er dei mellom anna i kyrkja, på Bygetunet Rød og på Haugland skulemuseum.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Tidlegare tilsette i barnehagen var inviterte til 40 års markeringa. F.v: Liv Eik ( økonomi og rekneskap frå 1979 ), Målfrid Myklebust ( assistent 1990 - 2001 ), Eldbjørg Myklebust ( assistent 1988 - 1996 ) og Gunn Eli Guddal ( assistent 1996 ).